



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.04.2015

Vår ref.: 2015/2508

Arkivnr.: 433.52

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Svar på høyring til forskriftsendring for meir effektiv felling av jerv

Fylkesmannen vise til erfaringar med jervejakt i fylket og finn at forskriftsendringane vil få liten effekt i Rogaland. Vi rår til at forskrifta bør utanformast meir generelt. Ut frå prinsippa om human jakt, meiner vi at viltkamera ikkje bør erstatta fysisk tilsyn av jervebås.

Me viser til høyring på forslag til forskriftsendring for meir effektiv felling av jerv. I Rogaland førekjem jerv berre sporadisk, men sett i lys av høge sauetail så er potensialet for konflikt høgt. Årleg utbetaler Fylkesmannen i Rogaland erstatning for 20-50 sau som er vurdert som sannsynleg drepen av jerv.

Erfaringar frå Rogaland

Over tre år har Fylkesmannen i Rogaland gitt skadefellingsløyve på jerv vinterstid. Regionalt skadefellingslag har lagt ut åter i høgfjellet og har hatt løyve til å nytta snøscooter for transport. Erfaringa vår er at vanskelege vêrforhold i kombinasjon med kort tid frå skuterføre til jakttida er ute, gjer det heile vanskeleg. Innanfor regulær jakttid har me aldri hatt jerv på åtene, men i eit tilfelle har ein funne spor på åte seinare i sesongen.

Vi meiner difor at for å auke ynskt felling av jerv i våre områder med lite snø, må åte leggest ut tidlegare på hausten og i område som er meir skjerma i dårleg vêr. Det betyr i praksis at ein må nytta aktuelle område nær veg i hei og fjell kor ein ikkje er avhengig avheng av snøscooter og kan rykke ut raskt når det kjem dyr på åtet.

Kommentar til forslag om forsøksordning med nye verkemiddel

Forslag om bruk av kunstig lys, snøscooter til transport av åte, bu og bås vil kanskje auke felling av jerv i nokre område, men i våre område meiner me dette vil ha mindre effekt. I forslaget legg departementet dessutan opp til ein svært detaljert oppramsing av kven som fell inn under

forsøksordninga. Etter vårt syn bør departementet gje Miljødirektoratet ein vid fullmakt til å vurdere kven som skal delta i forsøket. Dette vil jo også kunne endre seg over tid.

Når det gjeld overvaking av jervebåas med viltkamera så meiner me dette er ei for ustabil overvaking til å kunne erstatte dagens regel om fysisk ettersyn to gonger dagleg. Viltkamera er eit bra hjelpemiddel, men som departementet seier så kan det ikkje erstatte fysisk tilsyn. Dette vil vere for usikkert og ikkje vere i tråd med prinsippet om human jakt.

Utover dette har Fylkesmannen ingen kommentarar til forslaga.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Vegard Ankarstrand
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Vegard Ankarstrand
Saksbehandlar telefon: 51568921
E-post: fmroval@fylkesmannen.no

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Vest-Agder	Postboks 513	4605	Kristiansand S
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM